

Vedtaksorgan Formannskapet

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Orientering om klage til KOFA – Tenestekonsesjon for brukarstyrt personleg assistanse (BPA)**Saksutgreiing****Bakgrunn for saka:**

Gloppen kommune gjennomførte våren 2026 ein konkurranse om tenestekonsesjon for brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Konkurransen vart kunngjort 10. april 2026, med søknadsfrist 8. mai 2026.

Føremålet med konkurransen var å inngå konsesjonsavtale med eit avgrensa tal leverandørar som brukarar av BPA-tenester kan velje mellom. Det gjekk fram av konsesjonsgrunnlaget at kommunen hadde til hensikt å inngå avtale med inntil fire leverandørar.

Ein av søkerane oppnådde ikkje kvalifikasjonskrava, medan åtte kvalifiserte leverandørar deltok i konkurransen. Etter ei samla vurdering, vart fire leverandørar tildelte konsesjon. Ein av leverandørane som ikkje vart tildelt konsesjon, klaga først på avgjerda til Gloppen kommune. Kommunen vurderte klagen, men fann ikkje grunnlag for å endre avgjerda.

Leverandøren har deretter klaga saka inn for Klagenemnd for offentlege anskaffelser (KOFA).

Den 13. juni 2026 fekk Gloppen kommune melding frå KOFA om at klagen var tatt til handsaming i nemnda.

Klagegrunnlaget:

Klagar meiner i hovudsak at gjennomføringa og dokumentasjonen av evalueringa ikkje oppfyller krava som gjeld for offentlege anskaffingar.

Klagen omfattar mellom anna spørsmål knytte til;

- om den skjønsmessige heilskapsvurderinga er tilstrekkeleg dokumentert og om den kan etterprøvast
- om kommunen sin bruk av referansesjekk i evalueringa
- om vurderinga av kva som utgjør låg og realistisk administrasjonskostnad
- og om korleis omsynet til kontinuitet for brukarane er vurdert frå kommunen si side

Klagar meiner at kommunen har brote grunnleggande prinsipp for offentlege anskaffingar.

Kommunen si vurdering:

Gloppen kommune er usamd i at gjennomføringa av konkurransen har blitt gjennomført i strid med regelverket.

Konkurransen gjeld ein tenestekonsesjon, og er gjennomført etter reglane i Del I i konsesjonskontraktforskrifta. Kommunen vurderer at regelverket gir oppdragsgjevar eit relativt stort handlingsrom når konkurransen vert gjennomført, samstundes som dei grunnleggande prinsippa om mellom anna konkurranse, lik handsaming, føreseielegheit, etterprøvbarheit og forholdsmessigheit, skal ivaretakast.

Alle dei åtte kvalifiserte tilbydarane hadde levert gjennomgåande gode tilbod. Det var særleg vurderingane av administrasjonskostnad og kontinuitet for brukarane som gav grunnlag for å skilje mellom leverandørane.

Kommunen har i tilsvaret til KOFA gjort nærare greie for evalueringsprosessen, vurderingsgrunnlaget og bakgrunnen for valet av dei fire leverandørane. Kommunen har også svart punktvis på påstandane som er fremja av klagar.

Kommunen si vurdering er at dei grunnleggande prinsippa i anskaffingslova § 4 er ivaretekne, og kommunen har på bakgrunn av dette, bedt KOFA om at klaga ikkje vert tatt til følgje.

Vidare handsaming:

KOFA vil handsame saka på grunnlag av skriftleg dokumentasjonen frå klagar og Gloppen kommune. KOFA kan også be partane om ytterlegare opplysningar eller dokumentasjon dersom dette skulle vise seg naudsynt for handsaminga av saka.

KOFA si avgjerd vil gi ei vurdering av om kommunen har brote regelverket for offentlege anskaffingar. Kommunedirektøren vil orientere formannskapet og kommunestyret om utfallet i saka når avgjerda ligg føre. Handsamingstida kan vere inn til 6 månadar.

Kommunedirektøren vurderer at det er rett å orientere formannskapet om klagesaka, både fordi saka gjeld ei kommunal teneste, og fordi det vert stilt kritiske spørsmål til kommunen si gjennomføringa av ein offentlig anskaffingsprosess.

Kommunedirektøren meiner kommunen har gjennomført konkurransen innanfor det handlingsrommet regelverket gir, og har i tilsvaret til KOFA gjort nærare greie for dei vurderingane som vart lagt til grunn for kontraktstildelinga.

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet tek saka til orientering.